



## Saker til behandling

Framlegg til vedtak:

- 1) Arbeidsutvalet til Sogn og Fjordane vassregionutval får mandat til å utarbeide framlegg til planprogram og dokumentet vesentlege vassforvaltingsspørsmål for Sogn og Fjordane vassregion.
- 2) Vassområdeutvala kjem innan 1. april 2018 med innspel til:
  - a) korleis vassområdeutvala bør fungere, type saker dei bør drøfte/ handsame, prioritere
  - b) styringsform til vassområdeutvalet t.d. skal politisk nivå og administrasjonen sitte saman eller bør dei skiljast?
  - c) korleis vassområdeutvalet vil leggje til rette for lokal medverknad
  - d) ev. temagrupper knytt til vassområdeutvalet t.d. landbruk og avløp
  - e) korleis bør kommunane vere representert i vassregionutvalet t.d.
    - i) Alle kommunane sit i vassregionutvalet
    - ii) Ein kommune frå kvart vassområde sit i vassregionutvalet
- 3) Vassområdeutvala kjem med innspel om viktige utfordringar og prioriteringar i vassområdet til dokumentet Vesentlege vassforvaltingsspørsmål
- 4) Regional referansegruppe vert invitert til å kome med innspel på korleis vassområdeutvala og vassregionutvalet bør leggje til rette for medverknad på lokalt og regionalt nivå.

## Bakgrunn

### Revidering av plandokument for perioden 2022 - 2027

#### *Planprogram*

Frist for å sende planprogrammet ut på høyring er 1.1 2019 jf. forventingsbrev til fylkeskommunen frå Klima- og miljødepartementet.

Planprogrammet skal konkretisere tema for utgreiingar og vurderingar, og i størst mogleg grad konkretisere viktige spørsmål og problemstillingar innafor dei einskilde tema. Eit viktig føremål med planarbeidet er å etablere dialog og samarbeid med kommunane, andre regionale aktørar, frivillige laga og organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar. Planprogrammet vil gi ein oversikt over korleis arbeidet er tenkt organisert.

Det bør drøftast nærmare om organiseringa i dag er funksjonell eller om det bør gjerast nokre endringar. Vassområdeutvala er eit viktig samarbeidsarena. Framlegg til organisering vil inngå i planprogrammet.

## **Vesentlege vassforvaltingsspørsmål**

Frist for å sende dokumentet Vesentlege vassforvaltingsspørsmål ut på høyring er 1.1 2019 jf. forventingsbrev til fylkeskommunen frå Klima- og miljødepartementet.

Dokumentet vil peike på viktige utfordringar i vassregionen basert på kunnskapsgrunnlaget i *Vann-Nett*. Prioriteringar og utfordringar for neste planperiode vert vektlagd i dokumentet.

Vassområdeutvala vert oppmoda om å koma med innspel om prioriteringar og utfordringar for vassområda.

## **Organisering av arbeidet**

Det er trøng for å ha ein organisering av ulike samarbeidspartnarar for planperioden 2016-2021. Oppfølging av vedteken plan og revidering av plandokumenta for 2022-2027 krev god samordning og samarbeid mellom ulike etatar. Det må og leggjast til rette for medverknad frå interessentar, lag og organisasjonar. Vi ønskjer og å leggje rette for ein god kopling mellom fag og politikk.

Planprogrammet vedteke i 2011 la føringar for organiseringa for planperioden fram til 2015. Ved revidering av planprogrammet må vi nå vurdere om vi skal føre denne organiseringssmodellen vidare eller gjere nokon endringar.

Under følgjer ei orientering om organisering i vassregionen.

### **Vassregionmyndigheita (VRM)**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmyndigkeit for Sogn og Fjordane vassregion. Vassregionmyndigheita har ansvaret for å leie og koordinere prosessen med å gjennomføre oppgåvane i høve til vassforskrifta og ein framdriftsplan jf. § 21 i vassforskrifta. Dette skal skje i nært samarbeid med vassregionutvalet.

Fylkestinget har vedtaksmynde for planprogram, regionale plan for vassforvalting og tiltaksprogram.

Fylkestinget for Sogn og Fjordane gjorde 19.10.2010 m.a. følgjande vedtak om delegering av vassregionmyndigkeit og oppretting av vassregionutval for Sogn og Fjordane:

- *Fylkesrådmannen vert delegert vassregionsstyresmakt/mynde etter vassforskrifta*
- *Fylkestinget vedtek følgjande samansetnad av vassregionutvalet:*
  - *2 representantar frå fylkeskommunen (leiar + eit medlem)*
  - *1 representant frå følgjande statlege instansar: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NVE Region Vest, Mattilsynet Regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet Region Vest, Statens Vegvesen Region Vest, Kystverket Vest og ert andre berørte statlege styresmakter.*
  - *1 representant frå kvar av kommunane i Sogn og Fjordane, og ert. andre berørte kommunar/fylkeskommunar.*
- *Leiaren i vassregionutvalet representerer vassregionmyndigheit på møte i vassregionutvalet. På bakgrunn av dette og føringane over kan vassregionutvalet konstituere seg sjølv.*
- *Fylkestinget er positiv til at vassregionutvalet opprettar eit arbeidsutval. Kvart vassområde som vert oppretta bør vere representert i arbeidsutvalet.*

Vassregionmyndigheita skal i samarbeid med vassregionutvalet utarbeide utkast til dei ulike plan-dokumenta.

### **Vassregionutvalet (VRU)**

Vassregionutvalet er eit samarbeidsorgan og ikkje eit vedtaksorgan. VRU skal vere samansett av representantar frå VRM, øvrige fylkeskommunar, fylkesmannsembete, samt aktuelle sektor-styresmaktar og kommunar og er leia av VRM jf. § 22 i vassforskrifta. Det betyr i praksis at dei etatane som har virkemiddel til å betre vassmiljøet og er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka er representert i vassregionutvalet (med unntak av Miljødirektoratet). Medlemmar av vassregionutvalet har høve til å få eventuell usemjø om planen attgjeve i planen jf. § 26 i vassforskrifta.

I Sogn og Fjordane vassregionutval er alle kommunane i vassregionen invitert til å delta (43 kommunar). Vassregionutvalet har om lag 50 medlemmar, der mange kommunar etatar møter med 2 personar (politisk nivå og ein administrativ bisiitar). Fleire statlege etatar har møtt både med ein leiar og ein sakshandsamar. Dette gir eit stort utval.

## **Arbeidsutval**

Sidan vassregionutvalet er stort med mange medlemar, vart det sett ned eit arbeidsutval som har førebudd saker (plandokument) til vassregionutvalet.

Arbeidsutvalet har vore samansett av Fylkesmannen for Sogn og Fjordane, andre statlege sektorstyresmaktar og vertskommunane for vassområde med politisk representant og prosjektleiarane for vassområda. Arbeidsutvalet vi har i dag har knappe 20 personar. Arbeidsutvalet har vore leia av leiaren for vassregionutvalet. Erfaring frå planperioden 2010-2015 er at saker arbeidsutvalet har drøfta har vore prega av mange fagdiskusjonar. Av den grunn har arbeidsutvalet og hatt eit par møte der berre administrasjonen har delteke.

Arbeidsutvalet presisert 15.02.2012 følgjande;

*Vertskommunane kan stille med både ein politisk og ein person frå administrasjonen på møta i arbeidsutvalet.*

Prosjektleiarane for vassområda/vassområdekoordinatorane er no tilsett hos fylkeskommunen. Det betyr at vertskommuneomgrepet no går ut. Vassområdeutvala veljar /har velt ein ny politisk leiar av vassområdeutvala som vert invitert inn i arbeidsutvalet.

## **Vassområdeutval**

Sogn og Fjordane vassregion er delt opp i vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Grunnlaget for forvaltningsplanen kjem fram gjennom arbeidet i vassområda. Kommunane har ansvaret for å leie arbeidet i vassområda. Kvart vassområde har eit vassområdeutval som fungerer som styringsgruppe for vassområdet. I vassområdeutvala sit alle kommunane i vassområdet, aktuelle fylkeskommunar og statlege sektorstyresmakter. Ein administrativ kontaktperson og ein politisk representant frå kvar kommune deltek frå kvar kommune. Vassområdeutvala vel i samråd med vassregionmyndigheita korleis dei vil organisere seg. Vassområda har hatt politisk leiring frå ein kommune i vassområda. Nordfjord og Sunnfjord har velt leiar etter valet i 2015. Leiar for vassområda i Indre Sogn og Ytre Sogn må veljast.

Tidlegare hadde ein vertskommune for kvart vassområde arbeidsgjevaransvar for prosjektleiar/vassområdekoordinator. Desse er no tilsett hos fylkeskommunen og med det vart vertskommunemodellen avvikla. Det er no tilsett to prosjektleiarar for vassområda i 100 % stilling hos fylkeskommunen for ein periode på 3 år ( 50 % for kvart av vassområda). Den eine stillinga vert no gjort om til ein fast stilling. Stillingane er eit spleiselag mellom nær alle kommunane og fylkeskommunen. Prosjektleiarane er sekretær for vassområdeutvala og har ansvaret for den daglege drifta av vassområda. Ein prosjektleiar har ansvar for vassområda Nordfjord og Sunnfjord. Den andre prosjektleieren har ansvar for Ytre Sogn og Indre Sogn. Fylkeskommunen har i tillegg styrka arbeidet i vassområda og vassregionen med ein mellombels stilling ut 2019.

Vassområdeutvalet har ansvar for å legge til rette for medverknad frå sektorstyresmakter og frå aktuelle rettshavarar samt private og allmenne brukarinteresser/samfunnsinteresser.

Ved revidering av planprogrammet bør vi m.a. vurdere om organiseringa av vassområdeutvala er funksjonell eller om vi bør endre han. Bør t.d. politisk nivå skiljast frå administrasjonen i kommunane og statlege etatar eller bør dei sitte samla slik som i dag? Bør lokale referansegruppe inviterast inn til møta i vassområdeutvala eller bør det arrangerast meir eigne møte for dei? Bør det etablerast temagrupper knytt til vassområdeutvala?

## **Regionale temagrupper**


Planprogrammet frå 2011 står etablering av temagrupper omtalt. Etablering av temagrupper kan vere funksjonelt når vi no skal gjennomføre og revidere vassforvaltningsplanen. Dette bør omtalaast nærmare i revidert planprogram.

Det er ønskjeleg å etablere regionale temagrupper der det er trøng for at ulike aktørar møtast om felles utfordringar. Nokre temagrupper vart etablert på regionalt nivå i førre planperiode, men var av kortvarig karakter. Det er trøng for å blåse liv i dei igjen ev. etablere nye temagrupper utifra interesse. Organiseringa er tenkt gjennom ein basisgruppe av sektorstyresmakter som knyter til seg interessentar, lag og organisasjonar når dette er naturleg. Ei aktuell temagruppe er t.d. restaurering av vassdrag/ fysiske inngrep i vassdrag der kjernen er sektorstyresmaktar (FM, NVE, FK), interessantar er t.d. vasskrafteigarar, FNF, elv/grunneigarlag. Vassområdeutvala etablerer no lokale temamøter for landbruk og avløp der kommunane deltek saman med t.d. Bondelaget etc.

### Regional referansegruppe

Det er etablert ein regional referansegruppe med høyst ulike interessantar. Det er vanskeleg å få ein slik gruppe til å fungere godt saman. Det er aktuelt i større grad involvere dei i Vi ønskjer for planperioden 2016-2021 i større grad å involvere dei i relevante temagrupper. Temagruppene vert gjerne ein meir spissa arena i forhold til deira interessefelt.

Figuren under illustrerer organisering i Sogn og Fjordane vassregion 2010-2015. Temagrupper i vassområda er først etablert i 2016.



## Vedtak i Sogn og Fjordane vassregionutval 18 januar 2011

Under følgjer kopi av relevante vedtak om organisering av arbeidsutvalet

### a) Etablering av arbeidsutval under Sogn og Fjordane vassregionutvalet

#### **Arbeidsutvalet (AU), medlemmer og mandat**

Vassregionutvalet blir ei svært stor forsamling som det vil være vanskelig å samankalle til møte/konferanse oftare enn en-to gangar i året. Det bør opprettast eit arbeidsutval som får mandat frå vassregionutvalet til å fungere for dei i gjennomføringa av forskrifter i det daglige arbeidet. Organiseringa av eit arbeidsutval med mynde til å ta avgjerd under VRU er tilrådd av Direktoratet for naturforvaltning.

#### **Mandat**

Arbeidsutvalet kan gjennomføre alle forskriftsfesta oppgåver på vegne av vassregionutvalet, her under å utarbeide og framlegge dokument som skal på høyring.

- Utkast til forvaltningsplan skal opp i vassregionutvalet før den sendes på høring.
- Arbeidsutvalets mandat og samansetting skal vurderast årlig av vassregionutvalet.

#### **Samansettning**

Arbeidsutvalet bør ha følgjande samansetting:

- ein kommunal representant frå kvart vassområde
- to representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (leiar av VRU og administrativ representant)
- ein representantar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- ein representant frå NVE, region vest
- ein representant frå kvar av andre aktuelle sektormyndigheter

#### **Oppgåver**

Arbeidsutvalets oppgåver vil mellom anna vere:

- Utarbeide rapport med oversikt over vesentlege utfordringar i Vassregion Sogn og Fjordane
- Vurdere miljømål for vassførekostane
- Samanstille tiltaksprogram for vassregionen
- Utarbeide forslag til regional forvaltningsplan
- Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle fase av arbeidet.

Arbeidsutvalet skal så langt som mulig hjelpe vassområda i oppstart og vidare arbeid.

#### **Sektormyndighetene vert invitert til å delta etter behov / type saker**

#### **VEDTAK:**

**Vassregionutvalet vedtek å etablere eit arbeidsutval med mandat i tråd med saksutgreiinga.**

**Vassregionutvalet sitt arbeidsutval kan gjennomføre forskriftsfesta oppgåver på vegne av VRU.  
Arbeidsutvalet vert supplert av VRM når representantar frå vassområda er valt.**

## Møte i arbeidsutvalet 15.02.12

### 2/12 Samansetnad av arbeidsutvalet

#### Vedtak

Vertskommunane kan stille med både ein politisk og ein person frå administrasjonen på møta i arbeidsutvalet.

Korleis kommunane bør sikre forankring/samarbeid mot dei andre kommunane i vassområdet vart drøfta. Vertskommunane kjem tilbake til korleis dei jobbar med dette til neste møte. Fylkeskommunen ser på moglegheita for å ta temaet opp i andre forum t.d. i regionråda.